



Statsforvaltaren i Rogaland


HØYRING

Frivillig vern av 3 skogområde i Rogaland,

Legdene naturreservat i Sauda kommune

Baklåsjuvet naturreservat i Suldal kommune

Utviding av **Rekedal naturreservat** i Sokndal kommune



Tittel : HØYRING
Frivillig vern av 3 skogområde i Rogaland, Legdene, Baklåsjuvet og utviding av Rekedal naturreservat

Dato : 02.02.2026

Forfattar : Solbjørg Engen Torvik

Emneord : Naturreservat, frivillig vern av skog, edellauvskog, trua og nær trua art, naturmangfald

Utgivar : Statsforvaltaren i Rogaland

Tal sider : 34

Ansv. sign : Cathrine Stabel Eltervåg

Forsidefoto : Baklåsjuvet naturreservat. Foto: Solbjørg Engen Torvik

1. Samandrag

Tre skogområde i Rogaland som er tilbydde til vern, er med dette dokumentet sendt ut på offentlig høyring til grunneigarar, naboar, lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar.

Områda Legdene (tidl. Vetrhus), Baklåsjuvet (del av Andvika) og ei utviding av Rekedal naturreservat er alle tilbydde gjennom ordninga frivillig vern og aktuell verneform er naturreservat. Alle områda har på ulikt vis verdifull skog og skogsmiljø med sjeldan og sårbar natur i form av trua og/eller nær trua naturtypar og artar, skogtypar med viktig økosystemfunksjon og er levestad for mange ulike organismar.

Områda er verna mot skade, øydelegging og forstyrning av plante og dyreliv. Det vil fortsett vere mogleg å nytte verneområda til enkelt friluftsliv og til dømes sanking av bær og matsopp og jakt og fiske etter gjeldande reglar. Naturreservata er ulike og for å ta vare på det unike med kvart enkelt område, har dei litt ulike vernereglar i verneforskriftene. Det er difor viktig å gjere seg kjent med desse.

Alle som måtte ønska, kan komma med uttale og merknader til verneforslaga i denne høyringa.

Frist for å senda uttale er sett til 08. april 2026.

Utaler sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2025/11686** og tydeleg namn på omtalt verneforslag.

2. Innhald

1.	Samandrag	3
2.	Innhald	4
3.	Verneforslag i denne høyringa	5
3.1.	Oversiktskart	6
4.	Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag	7
4.1.	Heimelsgrunnlag	7
4.2.	Kunnskapsgrunnlag	7
5.	Sakshandsaming.....	9
5.1.	Saksgang for dei einskilte verneforslaga.....	10
5.2.	Mottekne innspel til oppstartsmeldinga og Statsforvaltarens kommentarar	10
5.2.1.	Generelle innspel utan merknader, gjeld alle områda.....	11
5.2.2.	Innspel til Vetrhus i Sauda kommune.....	11
5.2.3.	Innspel til Baklåsjuvet i Suldal kommune	13
5.2.4.	Innspel til utviding av Rekedal naturreservat i Sokndal kommune	14
6.	Endringar etter oppstart av verneplan	17
6.1.	Namneendringar	17
6.1.1.	Vetrhus → Legdene naturreservat	17
6.1.2.	Andvika → Baklåsjuvet naturreservat	17
6.1.3.	Rekedal naturreservat	17
6.2.	Grenseendringar	17
7.	Konsekvensar av eit vern.....	18
8.	Høyring.....	19
9.	Forvaltingsmynde	20
10.	Verneforslag.....	21
10.1.	Legdene naturreservat (tidl. Vetrhus), Sauda kommune	21
10.1.1.	Kommentar til verneforskrifta for Legdene naturreservat.....	23
10.2.	Baklåsjuvet naturreservat (tidl. Andvika), Suldal kommune	25
10.2.1.	Kommentar til verneforskrifta for Baklåsjuvet naturreservat.....	26
10.3.	Utviding av Rekedal naturreservat, Sokndal kommune	28
10.3.1.	Kommentar til verneforskrifta for Rekedal naturreservat.....	30
11.	Referansar.....	32
12.	Vedlegg	34

3. Verneforslag i denne høyringa

Statsforvaltaren i Rogaland sender med dette på høyring forslag om vern av to nye naturreservat og utviding av eit eksisterande naturreservat.

To nye område blir foreslått verna:

- **Legdene naturreservat**, Sauda kommune, ca. 554 daa, eigd av 3 grunneigarar.
- **Baklåsjuvet naturreservat**, Suldal kommune, ca. 374 daa, eigd av 2 grunneigarar.

Eitt naturreservatet blir foreslått utvida:

- **Rekedal naturreservat**, Sokndal kommune, utviding på ca. 149 daa, eigd av 2 grunneigarar. Totalt blir arealet ca. 402 daa.

Områda er vurdert å kvalifisere for vern som naturreservat etter *Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* § 37, jf. § 34 basert på tilgjengeleg kunnskap om naturverdiane i områda og/eller nye naturfaglege registreringar som er gjennomført i samband med verneplanarbeidet.

Alle områda er tilbydde gjennom ordninga frivillig vern der skogeigarane sjølve tilbyr skogen til vern. Her kan du lese meir om [frivillig vern av skog](#). Frivillig vern forutsett at grunneigarane og staten blir einige og inngår ei avtale om avgrensing, vernereglar og erstatning før vernevedtak. Ei slik avtale er ennå ikkje utarbeidd for desse områda, men prosessen er i gang. Prosessen vil avklare om det er grunnlag for endelege avtalar. Dette inneber at det kan bli endringar både i området faktisk blir verna, vernegrenser og vernereglar som eit resultat av desse forhandlingane og denne høyringa.

Gjennom arbeidet med St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* slutta Stortinget seg til Regjeringas innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Norge. Meldinga trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for vern av skog. Det blei blant anna lagt til grunn at eit utvida skogvern skulle følge dei faglege anbefalingane i NINA rapport 54/2002 «*Evaluering av skogvernet i Norge*». I meldinga blei frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg.

I naturmeldinga *Natur for livet* (St.meld. nr. 14, 2015-2016) seier Regjeringa at den vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern og auka det frivillige skogvernet. Stortinget vedtok eit mål om vern av 10 % av alt skogarealet i Noreg innan 2030. Per 31.12.2024 er 5,4 % av all skogen i Noreg verna, 4,2 % av den produktive skogen og 8,5 % av den uproduktive (basert på Landsskogtakseringen, NIBIO). Etter siste vernevedtak i desember 2025, er nær 5,5 % av all skog i Noreg verna ([Miljødirektoratet](#))

3.1. Oversiktskart



4. Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag

4.1. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av *Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* jf. §§ 33-51. I naturmangfoldlova (nml.) er det heimel for å oppretta ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat er den strengaste verneforma, og denne blir normalt brukt for vern av skog.

Vedtak om å oppretta naturreservat blir treft av Kongen i Statsråd etter nml. § 37, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som
a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
b) representerer en bestemt type natur,
c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
e) har særskilt naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

For å oppfylle § 37 må også nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget nyttast:

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»

4.2. Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for skogområda, jf. § 8 i nml., skal «... så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger». Kunnskapsgrunnlaget som verneforslaga i dette høyringsdokumentet bygger på er henta frå allment tilgjengelege offentlege data, mellom anna Naturbase, Artsdatabanken, Artskart, publiserte vitenskapelege arbeid og direkte kontakt med

fagpersonar og kartleggarar med høg kompetanse innan fagfelt om natur, miljø, økologi og artskunnskap. Det er gjennomført naturfaglege kartleggingar i alle områda for å underbygge naturverdiar generelt og skogvernverdiar spesielt. Det er også nytta andre offentlege kart og databasar for å innhenta andre interesser enn vern og eventuelle moglege konflikhtar i områda, til dømes NGU, NVE, Kulturminne via Temakart Rogaland, NARIN (Biofokus). I kartdatabasen Temakart Rogaland (<https://www.temakart-rogaland.no/>) kan ein finna dei fleste av desse tema samla i eit kart som gjeld for Rogaland fylke. I kapittel 11 er det samla referanseliste over kjelder, rapportar og databasar som er nytta.

5. Sakshandsaming

I saker med frivillig vern av skog får normalt Statsforvaltaren tilbod om vern frå grunneigarar eller grunneigarar via deira skogeigarorganisasjon. Det blir deretter gjort naturfaglege registreringar i dei aktuelle områda, med mindre det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane frå andre kartleggingar. Når det føreligg god nok kunnskap som syner at området kvalifiserer for vern, blir skogdata innhenta gjennom taksering av skogen som grunnlag for erstatningsberekningar. Skogtakseringa gjennomførast av skogeigarorganisasjon og statens skogsakkunnig. Deretter forhandlar grunneigarar og staten om erstatninga. Samstundes utarbeidar Statsforvaltaren forslag til vernegrense og vernereglar som grunneigarar også må godkjenne, før eit endeleg verneforslag føreligg.

Tidlegare var det vanleg at avtalen mellom skogeigar og staten var ferdig forhandla før det blei meldt oppstart av verneplanprosessen, men for å oppnå tilstrekkeleg framdrift i verneprosessen, har det den seinare tid vorte sendt oppstartsmelding før slike avtaler er inngått. Ei føresetnad, er at grunneigarane aksepterer dette. På denne måten kan arbeid med den økonomiske erstatninga og arbeid med vernekart og verneforskrift gå parallelt, og i begge prosessane kan det koma innspel som påverkar den andre.

Den formelle sakshandsaminga skal følge naturmangfaldlovas §§ 41 til 43 og rundskriv T-2/15 frå Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet 2015), og rettleiar M-481 *Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven* (Miljødirektoratet 2016). Dette kan oppsummerast på følgende måte:

- **Oppstartsmelding:** Statsforvaltaren varslar oppstart av verneplanarbeid ved brev til grunneigarar og aktuelle etatar og organisasjonar, samt kunngjering i aviser.
- **Offentleg høyring:** Eit konkret verneforslag blir sendt på høyring ved brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar. Høyringsforslaget (dette dokumentet) skal skildre verneverdiar, og andre verdiar og interesser, samt dei konsekvensane forslaget er venta å få. Det skal følge med forslag til vernekart og verneforskrift. Frist for å komma med merknader skal være minst to månader.
- **Tilråding til Miljødirektoratet:** Etter høyringa skal Statsforvaltaren vurdere innkomne merknadar og eventuelt gjere endringar i forslaget. Eventuelle større endringar må drøftast med grunneigarane. Deretter sender Statsforvaltaren sin tilråding til Miljødirektoratet.
- **Tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD):** Miljødirektoratet vurderer forslaget og sender si tilråding til KLD.
- **Forslag om vern:** KLD forbereder saken og legg forslag om vern fram for Kongen i Statsråd.
- **Vedtak om vern** gjerast av Kongen i Statsråd som kongeleg resolusjon. Etter vedtaket vil erstatninga bli utbetalt i tråd med avtalen med grunneigarar.
- **Kunngjering om vern:** Statsforvaltaren sender brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar, samt kunngjer vedtaket i aktuelle aviser. Dei nye verneområda blir skilta og merka.
- **Grensemerking** blir vanlegvis gjort av jordskifteretten, som etter krav frå Statsforvaltaren opprettar sak om grensegang for det einskilde område.

5.1. Saksgang for dei einskilde verneforslaga

1. Legdene (tidl. Vetrhus) i Sauda kommune
 - Første tilbod blei sendt til Statsforvaltaren 03.04.2020.
 - Området blei kartlagt i oktober 2020. Resultatet blei tilgjengeleg i rapporten «*Naturfaglige registreringer av områder i skog tilbuds for frivillig vern i 2020. Agder, Møre og Romsdal, Rogaland, Troms og Finnmark og Vestland.*» (Eilertsen. m.fl. 2021, Vetrhus på s. 219).
 - Nytt tilbod kom 15. februar 2022. Dette området blei skogkartlagt i august 2022 etter ny metode *Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet* (Miljødirektoratet 2022b). Resultatet var tilgjengelege i Skoganalyse i januar 2023.
 - Seinare blei delar av det nye tilbodet, ein eigedom, trekt tilbake. Statsforvaltaren venta ei tid i håp om likevel å kunne få med det arealet, men det gjekk ikkje.
 - Oppstart av verneplanprosess blei meldt 05. september 2025, med innspelsfrist 10. oktober 2025.
2. Baklåsjuvet (tidl. Andvika) i Suldal kommune
 - Tilbod blei sendt til Statsforvaltaren 22.03.2021.
 - Området blei skogkartlagt i juni 2021 etter *Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet* (Miljødirektoratet 2022b). Resultata var tilgjengelege i Skoganalyse i januar 2022.
 - Nytt tilbod på eit lite område kom 09. april 2024. Området er ikkje skogkartlagt.
 - Statsforvaltaren synfarte området 21. mai 2024.
 - Oppstart av verneplanprosess blei meldt 05. september 2025, med innspelsfrist 10. oktober 2025.
3. Utviding av Rekedal naturreservat i Sokndal kommune
 - Tilbod om utviding blei sendt til Statsforvaltaren 10.01.2023.
 - Området blei skogkartlagt i september 2023 etter *Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet* (Miljødirektoratet 2022b). Resultata var tilgjengelege i Skoganalyse i januar 2024.
 - Statsforvaltaren synfarte området saman med grunneigarar, skogeigarorganisasjon og statens skogsakkunnig 29. april 2025.
 - Oppstart av verneplanprosess blei meldt 05. september 2025, med innspelsfrist 10. oktober 2025.

5.2. Mottekne innspel til oppstartsmeldinga og Statsforvaltarens kommentarar

Det blei meldt oppstart av verneplanarbeid for Vetrhus, Baklåsjuvet, Ulladalen, Dirdal vest, Dirdal aust og utviding av Rekedal 02. september 2025 (Statsforvaltaren i Rogaland). Fristen for innspel var 10. oktober 2025. Oppstartsmeldinga blei sendt til grunneigarar, naboar til verneforslaga og aktuelle lokale, regionale og sentrale høyringsinstansar. Verneplanane blei òg kunngjort i Stavanger Aftenblad, i Norsk Lysingsblad og på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside.

Under er det gitt eit samandrag av dei innspela som er komne inn. Først i avsnitt 5.2.1, omtalast dei generelle innspela utan merknader for alle områda. Konkrete innspel frå ulike aktørar til dei einskilde områda blir omtalt i avsnittet til det einskilde området. Statsforvaltarens respektive kommentarar følgjer rett etter kvart innspel.

5.2.1. Generelle innspel utan merknader, gjeld alle områda

BaneNOR har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen interesser til jernbanen.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Jernbanedirektoratet har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ikkje eksisterande eller planlagd jernbaneanlegg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Statnett SF har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen av Statnett sine anlegg eller planar.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

5.2.2. Innspel til Legdene (tidl. Vetrhus) i Sauda kommune

Språkrådet har vurdert namneforslaget og tilrår namnet Ospetindane naturreservat.

Dei legg til grunn at Vetrhus er eit gardsnamn og at det er fleire andre skogområde som det på eit seinare tidspunkt kan bli aktuelt å innlemma i vernet. Dei tilrår difor at ein ikkje legg gardsnamnet til grunn for det området det er tale om å verna no. Dei seier at Ospetindane er eit namn som står sentralt i kartet lokalnamn.no og syner på eit kartutsnitt korleis dette namnet er plassert på nettsida Lokale stadnamn. I dette kartet, og i utsnittet Språkrådet har laga, er ikkje Ospetindane nemnd, men det står Åspetindadn to stader.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren ser på Norgeskart og kartet Lokalnamn.no at Ospetindane berre står på høgdedraget aust for foreslått vernegrense og er ikkje med i verneforslaget. Statsforvaltaren vurderer at ei utviding av verneområdet, mest sannsynleg vil vere mot sør, kor den rike edellauvskogen fortsett. Statsforvaltaren vurderer at Ospetindane ikkje er ønskeleg då fjelltoppen ikkje vil ligge inne i verneområdet.

Olav Veka, grunneigar, har gitt innspel på det foreslåtte namnet Ospetindane. Han meiner Vetrhus er både opplyssande og naturleg. Han ser ikkje at Ospetindane er meir knytt til den teigen som blir verna, enn Vetrhus, og viser til at Ospetindane er ein skarpt avgrensa åsrygg på utsida av vernegrensa, mellom Vetrhustjørna og verneforslaget. Til slutt nemner han eit anna alternativ, Lægdene, ein husmannsplass som ligg innanfor verneforslaget, der det budde folk fram til om lag 1890.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren ser på Norgeskart og kartet Lokalnamn.no at det står Legdedn, eit godt stykke nord for der husmannsplassen er lokalisert. Lægdene står ikkje på kartet. Legdedn er ein godkjent skrivemåte (Norgeskart – stedsnavn). Namneleddet Legde-, er også brukt like sør for husmannsplassen, då i Legdefjellet. Legdefjellet er også ein godkjent skrivemåte, jf. Norgeskart - stedsnavn. På Lokalnamn-kartet står både Legdefjellet, og det står også Legdeheien lenger nord i verneforslaget, rett opp for Gråurene. Ved søk i stadnamnebasen i Norgeskart finn ein ikkje Lægdene på rette staden i Sauda, derimot to andre stader. Ved søk på Legdene og Legdedn finn ein lia i verneforslaget.

Statsforvaltaren må sjå på begge desse to innspela om namn og vurdere kva som på lang sikt vil vere eit godt namn på naturreservatet. Statsforvaltaren anerkjenner grunneigar sitt ønske, og vurderer Legdene naturreservat som det beste namneforslaget.

Me er likevel takksame for fleire uttalar som kan kasta lys over namnesaka i høyringa.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Dersom det er landbruksinteresser i områda som ikkje blir tekne omsyn til i utkast til forskrifter, må det grunngjevast. Dette kan vere beite, landbruksveg i samband med jordbruk, stølsområde, mv. Dersom det går vegar og ferdsselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggjast til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Det bør vurderast om forskriftene kan opne for beite og dermed og utsetting av saltstein samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunngjeving.

For alle tiltaka over må det vurderast om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet ber om at landbruksavdelinga og lokal landbruksforvaltning blir involvert i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «*Skjema for avveiging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen*» og rapport «*Skogfaglig beskrivelse*» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar: Verneområdet består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengig og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag. Verneforskrifta vil likevel ivareta eventuelle beiteinteresser i området. Ein traktorveg går kort inn i området i søraust. Ferdsselsårer kan haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i § 4 om generelle unntak frå vernereglane. Andre landbruksinteresser som til dømes stølsområde, er ikkje kjend. Det skal liggja ein husmannsplass ved Legdefjellet.

Landbruksavdelinga er involvert. Fagrapportar og samordningsskjema for avveiging mellom skogvern og skogbruk er lagt ved saka på vår heimeside i samband med denne høyringa. Plassering i avvegingsmatrisa er kommentert under kvart enkelt verneforslag.

Rogaland fylkeskommune har vurdert verneforslaga og støtter verneprosessen som bidrar til å verna livskraftige naturmiljø i Rogaland og hindra tap av natur.

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til registrerte kulturminne i dei foreslåtte verneområda, per i dag, og vurderer at vern gjennom naturmangfaldlova er eit gode for eventuelt ukjente kulturminne i områda. I verneprosessen bør det vurderast om det er kulturminne eller kulturverdiar som bør vernast særleg. Dette er kulturminne frå tidlegare bruk av områda, frå stølsdrift, skogsdrift og anna utmarksbruk, til dømes eldre mura stiar og vegfar, steingjerde, tufter eller andre spor frå eldre bruk.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren har sjekka kulturminne på offentleg kart ([Temakart Rogaland](#)) og finn ingen registreringar av SEFRAK-bygningar, enkeltminne, lokalitetar eller kulturmiljø. Det finst restar etter ein husmannsplass som er avmerkt på vernekartet.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) kjenner ikkje til energi- og vassdragsinteresser innanfor foreslått verneforslag Vetrhus. Dei ber Fagne AS om å uttala seg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Fagne AS har vurdert verneforslaget og dei melder at dei ikkje har linjer eller kablar i området. Næraste luftlinje ligg 480 – 590 meter aust for den austlege grensa av verneforslaget, på andre sida av Vetrhustjørna. Dei har ingen planar for nettutvikling i området.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

5.2.3. Innspel til Baklåsjuvet (tidl. Andvika) i Suldal kommune

Språkrådet har vurdert namneforslaget og tilrår namnet Allmenningen naturreservat.

Språkrådet medgjev at juvet Statsforvaltaren har foreslått som namn, ligg nær midten av området, og det nemnde namnet vil kunna høva som utgangspunkt for områdenamnet. Dei meiner likevel at Allmenningen er eit nedarva namn som er meir dekkjande for ein endå større del av foreslått verneområde. Dette namnet er tidlegare lagt til grunn for namnet på ein tunell i området. Vidare viser dei til at i liene og dei skogkledde strendene rundt tunellen finst det gamle avleidde namneformer som Allmenningsteigen, Allmenningsjuvet og Allmenningsstøa, og at Allmenningen er nytta som namn på ein stor del av det området som nå venteleg blir verna.

Språkrådet tilrår prinsipalt at verneområdet blir gitt namnet Allmenningen naturreservat. Så langt dei kan sjå, finst det ikkje noko verneområde i Noreg frå før med namnet.

Statsforvaltarens kommentar: Almenningen er eit namn som står på kartet slik Språkrådet skriv. Når ein søker på Almenningen på Norgeskart, kjem det opp 30 stader med dette stadnamnet, berre ein stad ligg i Rogaland og er nemnd som utmark i Suldal. Almenningen er såleis eit mykje brukt namn fleire stader i landet og på mange ulike typar område. Baklåsjuvet gir berre eit treff, og det er eit juv i Suldal. Difor tenker Statsforvaltaren at Baklåsjuvet naturreservat er eit meir eintydig og godt dekkande namn så lenge dette juvet ligg innanfor verneområdet.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Dersom det er landbruksinteresser i områda som ikkje blir tekne omsyn til i utkast til forskrifter, må det grunngjevast. Dette kan vere beite, landbruksveg i samband med jordbruk, stølsområde, mv. Dersom det går vegar og ferdsselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggjast til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Det bør vurderast om forskriftene kan opne for beite og dermed og utsetting av saltstein samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunngjeving.

For alle tiltaka over må det vurderast om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet ber om at landbruksavdelinga og lokal landbruksforvaltning blir involvert i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «Skjema for avveing av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen» og rapport «Skogfaglig beskrivelse» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar: Verneområdet består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengig og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag. Verneforskrifta vil likevel ivareta eventuelle beiteinteresser i området. Me kjenner ikkje til andre landbruksinteresser som til dømes stølsområde og landbruksveg. Ferdselsårer kan haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i § 4 om generelle unntak frå vernereglane.

Landbruksavdelinga er involvert. Fagrapportar og samordningsskjema for avveging mellom skogvern og skogbruk er lagt ved saka på vår heimeside i samband med denne høyringa. Plassering i avvegingsmatrisa er kommentert under kvart enkelt verneforslag.

Rogaland fylkeskommune har vurdert verneforslaga og støtter verneprosessen som bidrar til å verna livskraftige naturmiljø i Rogaland og hindra tap av natur.

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til registrerte kulturminne i dei foreslåtte verneområda, per i dag, og vurderer at vern gjennom naturmangfaldlova er eit gode for eventuelt ukjente kulturminne i områda. I verneprosessen bør det vurderast om det er kulturminne eller kulturverdiar som bør vernast særleg. Dette er kulturminne frå tidlegare bruk av områda, frå stølsdrift, skogsdrift og anna utmarksbruk, til dømes eldre mura stiar og vegfar, steingjerde, tufter eller andre spor frå eldre bruk.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren har sjekka kulturminne på offentleg kart ([Temakart Rogaland](#)) og finn ingen registreringar av SEFRÅK-bygningar, enkeltminne, lokalitetar eller naturmiljø. Det er ikkje kjente kulturminne frå tidlegare bruk.

Suldal kommune er positiv til verneprosessen. Dei har ingen ekstra opplysningar om områda som kan påverke verneprosessen. Dei kjenner ikkje til andre planar for området og den foreløpige vurderinga er at vernegrensene er fornuftig sett.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) kjenner ikkje til energi- og vassdragsinteresser innanfor foreslått verneforslag Baklåsjuvet. Dei ber Fagne AS om å uttala seg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Fagne AS har vurdert verneforslaget og dei melder at dei ikkje har linjer eller kablar i området. Næraste luftlinje ligg 370 meter N-NV for nordvestlegaste hjørne av verneforslaget ved Brakaflota/Midvik. Dei har ingen planar for nettutvikling i området.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

5.2.4. Innspel til utviding av Rekedal naturreservat i Sokndal kommune

Språkrådet tilrår at eksisterande namn, Rekedal naturreservat blir oppretthaldt.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Dersom det er landbruksinteresser i områda som ikkje blir tekne omsyn til i utkast til forskrifter, må det grunngjevast. Dette kan vere beite, landbruksveg i samband med jordbruk, stølsområde, mv. Dersom det går vegar og ferdsselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggjast til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Det bør vurderast om forskriftene kan opne for beite og dermed og utsetting av saltstein samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunngjeving.

For alle tiltaka over må det vurderast om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet ber om at landbruksavdelinga og lokal landbruksforvaltning blir involvert i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «*Skjema for avveing av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen*» og rapport «*Skogfaglig beskrivelse*» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar: Eksisterande verneområde og foreslått utviding har tydeleg beitepreg. Skogen har vore beita i lang tid og det går enno sau på beite i delar av området. Verneforskrifta vil ivareta beiteinteresser i området. Det går nokre merke stiar i området og ein eldre traktorveg går eit stykke inn frå vest til slåttemyr. Nokre av dei viktigaste merke stiane er teikna inn på vernekartet, i tillegg til traktorvegen. Ferdsselsårer kan haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i § 4 om generelle unntak frå vernereglane. Det finst fleire steingardar i området. Me kjenner ikkje til andre landbruksinteresser.

Landbruksavdelinga er involvert. Fagrapportar og samordningsskjema for avveiging mellom skogvern og skogbruk er lagt ved saka på vår heimeside i samband med denne høyringa. Plassering i avvegingsmatrisa er kommentert under kvart enkelt verneforslag.

Rogaland fylkeskommune har vurdert verneforslaga og støtter verneprosessen som bidrar til å verna livskraftige naturmiljø i Rogaland og hindra tap av natur.

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til registrerte kulturminne i dei foreslåtte verneområda, per i dag, og vurderer at vern gjennom naturmangfaldlova er eit gode for eventuelt ukjente kulturminne i områda. I verneprosessen bør det vurderast om det er kulturminne eller kulturverdiar som bør vernast særleg. Dette er kulturminne frå tidlegare bruk av områda, frå stølsdrift, skogsdrift og anna utmarksbruk, til dømes eldre mura stiar og vegfar, steingjerde, tufter eller andre spor frå eldre bruk.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren har sjekka kulturminne på offentleg kart ([Temakart Rogaland](#)) og finn ingen registreringar av SEFRAC-bygningar, enkeltminne, lokalitetar eller kulturmiljø. Det er ikkje kjente kulturminne frå tidlegare bruk, anna enn merke stiar, beitepreg og einskilde steingardar.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) kjenner ikkje til energi- og vassdragsinteresser innanfor foreslått utviding av Rekedal naturreservat. Dei ber Enida AS om å uttala seg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Enida AS har vurdert verneforslaget og dei melder at dei ikkje har elektriske anlegg innanfor det området som omfattast av den foreslåtte utvidinga av Rekedal naturreservat.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

6. Endringar etter oppstart av verneplan

6.1. Namneendringar

6.1.1. Vetrhus → Legdene naturreservat

Grunneigar Olav Veka har foreslått at verneområdet får namnet Lægdene naturreservat.

Statsforvaltaren vurderer at Legdene naturreservat vil vere betre då dette er reit namneledd som er skrive fleire stader på kartet.

6.1.2. Andvika → Baklåsjuvet naturreservat

Språkrådet har foreslått at verneområdet får namnet Almenningen naturreservat.

Statsforvaltaren stiller seg negativ til dette og ønsker å oppretthalde Baklåsjuvet naturreservat. Statsforvaltaren visar til kommentar i avsnitt 5.2.2.

6.1.3. Rekedal naturreservat

Det er ingen forslag om namneendring av Rekedal naturreservat ved utviding av verneområdet.

6.2. Grenseendringar

Det har ikkje kome forslag om grenseendring for nokon av dei 3 verneforslaga.

7. Konsekvensar av eit vern

Når ein opprettar eit verneområde beheld grunneigar eigedom retten, men det blir lagd restriksjonar på kva for aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast i verneområdet. Naturreservat er den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova. I eit naturreservat må ingen foreta noko som forringer verneverdiane som går fram av føremålet med vernet. Både plantar, lav, sopp og dyr er verna mot skade og øydelegging. Vernet inneber også eit generelt forbod mot å setta i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, til dømes hogst, bygge- og anleggsverksemd og motorferdsel. Det er eit generelt forbod mot brenning av bål, men forbodet gjeld ikkje brenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk. I alle verneforskriftene er det lista kva for vernereglar og ferdselsreglar som gjeld og generelle unntak frå desse. Vidare er det ei liste med spesifiserte dispensasjonsreglar. Restriksjonsnivået i verneforskriftene varierer noko frå område til område. Dette heng saman med områdetets kvalitetar og verneformål, brukarinteresser, eksisterande tilrettelegging, anlegg og innretningar. For detaljar visast det til verneforslaget for dei einskilde områda og kvar enkelt verneforskrift.

Miljødirektoratet fastsett kven som skal ha forvaltningsmynde i verneområdet ved vernevedtak. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområde, men mynde er i nokon tilfelle delegert til kommunen. I denne verneprosessen vil Statsforvaltaren ha forvaltningsmynde for Legdene naturreservat og Rekedal naturreservat, medan Suldal kommune vil få forvaltningsmynde for Baklåsjuvet naturreservat, slik dei i dag har for andre naturreservat i kommunen.

I hovudsak er det den naturlege dynamikken som skal avgjere utviklinga i reservata, og Statsforvaltaren vurderer difor at behovet for skjøtsel i dei fleste tilfella er lite. I skogområde vil ofte fjerning av utanlandske og framande treslag eller andre framande artar, gjerne vere det som er mest naudsynt å gjere. Det kan i nokre tilfelle vere ønskeleg å framskynda den naturlege aldringsprosessen med å auka førekomsten av naud ved, men dette må berre gjerast dersom ein ser at det kan fremje verneføremålet og etter ein godkjent skjøtelsplan. Etter eit eventuelt vern vil behovet for forvaltningsplan og skjøtsel bli vurdert fortløpande, og det vil bli søkt om midlar frå Miljødirektoratet på vanlig måte når det er naudsynt.

I alle desse tre verneforslaga er det lite tekniske inngrep som treng særlege restriksjonar eller føresegn i verneforskrifta, til dømes kraftanlegg.

8. Høyring

I neste kapittel er kvart av verneforslaga kort skildra med informasjon om området generelt, verneverdiar og andre interesser. Vedlagt høyringsbrevet og dette høyringsdokumentet følger konkrete forslag til verneforskrifter og vernekart med forslag til vernegrenser.

Høyringsdokumenta blir sendt breitt ut til grunneigarar, naboar og lokale, regionale og nasjonale instansar og blir også lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under **Miljø og klima, > Verneområde** (<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/Verneomrade/>). Dei som ønsker å få tilsendt papirkopi kan ta kontakt med oss. Foreslått avgrensing vil etter kvart bli tilgjengeleg på Miljødirektoratets naturbase under **Verneområder > Foreslåtte naturvernområder** (www.naturbase.no) og i Temakart Rogaland under **Natur** (<https://www.temakart-rogaland.no/>).

Føreliggande forslag til verneområde og vernereglar er utarbeidd på grunnlag av naturfaglege registreringar, dialog med aktuell skogeigarorganisasjon som har kontakt med grunneigarar og innspel frå melding om oppstart. Forskriftene og avgrensingane som sendes på høyring no er godkjent av grunneigarane, men både forskrift, avgrensing og kart vil kunne vere gjenstand for vidare drøftingar under høyringa.

Formålet med høyringa er å få synspunkt og merknader til verneforslaga. Me ber spesielt om at dykk og andre brukarar av områda, går nøye gjennom forslag til verneforskrifter og gir oss tilbakemelding dersom dykk har meir informasjon om området som kan være av betydning for den vidare verneprosessen. Slik informasjon kan for eksempel vere om andre stiar som er i bruk, eksisterande bygningar, anlegg eller traktorveggar som det bør knytast føresegn til og merkast av på vernekartet. Statsforvaltaren ønsker særleg synspunkt på:

- Områdenamn
- Naturverdiar som ikkje allereie er kjende.
- Bruk av områda som ikkje allereie er kjende.
- Eventuelle konfliktar med andre interesser. Desse bør skildrast konkret, og ein bør også prøva å forklara kva som vil vere naudsynt for å løysa eller redusera konflikten.
- Avgrensinga av områda.
- Forskriftene med vernereglar, unntak frå vernereglane og dispensasjonsreglar.
- Eventuelle behov for skjøtsel og tiltak, samt innspel til forvaltning av områda.
- Eventuelle feil i høyringsdokumentet, mottakarlista og aktuelle gnr./bnr.

Kommunane bes vurderer om dei ønsker å få forvaltningsmynde for sine verneområde. Sjå meir informasjon om dette i kap. 7. Dersom kommunen ønsker slik mynde, ønsker Statsforvaltaren å få melding om dette i høyringa.

Med bakgrunn i mottekne innspel og opplysningar, samt drøftingar med grunneigarane, vurderer Statsforvaltaren behovet for å justere verneforslagene før endeleg tilråding av verneforslaga sendast til Miljødirektoratet.

Frist for å uttale seg til verneforslaget er sett til **08. april 2026**.

Utar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2025/11686** og tydeleg namn på omtalt verneforslag.

9. Forvaltingsmynde

Kven som skal vere forvaltningsmynde for eit verneområde blir fastsett av Miljødirektoratet ved vernevedtak. Statsforvaltaren er forvaltningsmynde for dei fleste verneområda, men mynde er i nokre tilfelle delegert til kommunane. Kommunar som ønsker delegert forvaltningsmynde, bes gi tilbakemelding om dette gjennom denne høyringa.

Suldal kommune er allereie forvaltningsmynde i sine verneområde, og vil dermed automatisk få forvaltningsmynde i Baklåsjuvet naturreservat.

For kommunanes tilbod om forvaltningsmynde gjeld følgende forutsetningar:

- Kommunen får tilbod om å få forvaltningsmynde for alle verneområda som ligg fullt ut innanfor kommunens grenser. (Verneområde som ligg i to kommunar vil Statsforvaltaren få forvaltningsmynde i.)
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmynde må takke ja til å overta forvaltningsmynde i alle aktuelle verneområde i kommunen. Kommunen må då ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.

10. Verneforslag

10.1. Legdene naturreservat (tidl. Vetrhus), Sauda kommune

Kommune: Sauda

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: ca. 554 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Sauda kommune, gnr./bnr. 51/1 og 51/3.

Lokalisering og avgrensing

Foreslått verneområde ligg om lag 4,6 km sør for Sauda på austsida av Saudafjorden, like nord for Vetrhus og vest for Vetrhustjørna. Området strekk seg frå havnivå og opp til høgaste punkt på ca. 390 moh. Foreslått vernegrense følger sjøkonturen frå eigedomsgrensa ved Vedaneset i sør til eigedomsgrensa ved Malldalsløypa i nord. Derfrå følger den eigedomsgrensa opp lia til kote 360 moh kor den vender sørover og er trekt langs det bratte berget vest for toppane til Ospetindane til den kryssar ein traktorveg før den igjen treff eigedomsgrensa som utgjør grensa i sør ned mot fjorden igjen. Det er til dels ei bratt vestvendt lise med mykje steinur og rasmark, som delvis har store blokker med lite vegetasjon.

Verneføremål og verneinteresser

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som den trua naturtypen frisk rik edellauvskog samt fleire trua og nær trua artar. Området representerer ein bestemt type natur som referanse for fuktskogselementet i indre fjordstrøk i form av oseanisk eldre furu- og blandingsskog, samt frisk rik edellauvskog med einskilde styvar. Området har også særleg betydning for biologisk mangfald med førekomst av fuktkrevjande lav- og moseartar i oseaniske strøk. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

Heile det foreslåtte verneområdet blei kartlagt første gong i oktober 2020 etter gammal metodikk (Eilertsen, et.al. 2021). I 2022 kom det eit nytt tilbod sør for dette. Det nye tilbodsområdet og om lag 500 m nordover av det første tilbodet, kalla Vetrhus – Molla, blei kartlagt i oktober same år etter ny kartleggingsmetodikk (Miljødirektoratet 2022b). Dette tilbodsområdet fekk den høgaste skogvernindeksen, 6,25, som er registrert for heile Rogaland (Skoganalyse Vetrhus-Molla). På det noverande tidspunkt er det likevel berre den nordlegaste delen av dette som går vidare til vern (Skoganalyse Vetrhus), saman med resten av areala i den første kartlegginga.

Også skogvernindeks på 5,25, for den nordlege delen av tilbodsarealet som blei kartlagt i 2022, den som går vidare til vern, er høg for Rogaland, sjølv om arealet er sterkt redusert. Den høge verdien skuldast svært høg skår for naturskognærleik på 2,5 og også høg skår for naturgitt mangfald på 1,75. Alle kartleggingseiningane er utfigurert på grunnlag av mykje liggande død ved, og ein er i tillegg utfigurert på grunnlag av store gamle tre. Vidare har heile skogen mykje ståande død ved, variasjon av storleik og nedbrytingsstadium for liggande død ved og noko førekomst av hole lauvtre. Alt dette synar god naturskognærleik. Kartlaget naturskog i Temakart Rogaland, støtter også dette og syner store areal med skog etablert før 1940, jamt og relativt høg naturskognærleik og stor sannsynleg heit for naturskog. For naturgitt mangfald er store areal kartlagt som naturtypen frisk rik edellauvskog som er nær trua (NT). Særleg langs fjorden er det mykje store styva ask og alm, store og styva almetre er også rapportert i høgareliggende område ved Legdefjellet og mot grensa i nord. Kartet i skoganalyse syner at alle polygon er skore av ved

prosjektgrensa og det er difor sannsynleg at dei høge skogvernverdiane fortset vidare mot nord utanfor kartleggingsområdet og inn i den nordlege delen av foreslått verneområde.

Kartleggingsrapporten frå 2020 (Eilertsen, et.al. 2021) skildrar skogvernverdiane i heile det foreslåtte verneområdet. Den tar utgangspunkt i to naturtypar som dekker tilnærma heile området, rik edellauvskog med utforminga alm-lindeskog, kartlagt første gong i 1981 (DN13 faktaark Maldalselva-Flesja), og gammal furuskog, først kartlagt og skildra i 1989 og seinare oppdatert etter ny kartlegging i 2007 (DN13 faktaark Maldal: Hekkanstjørn). Skogvernverdiane er i øvre delar knytt til den eldre furudominerte skogen med innslag av grov osp, og dessutan bjørk og rogn, god mengd og kontinuitet av død ved, og innslag av lungenever-samfunn på osp og selje som syner at området har høg luftfuktigheit og mogleg regnskogslokalitet, utan at dette blei stadfesta på grunnlag av artsfunn. I dei lågareliggande, brattaste areala er det gammal og rik edellauvskog med styvingstre og mykje død ved som utgjer skogvernverdiane.

Artsregistreringar kartfesta i offentlege databasar (t.d. Artskart) per d.d. er ask (EN), alm (EN), bleik kraterlav (VU), granmeis (VU) og kystblåfjelllav (NT). I tillegg er skorpefjelllav (NT) nemnd i skildringa og kartfesta nokså nær utanfor foreslått verneområde. Lyngtorvmose, grannkrekmose, heimose og vingemose er registrerte ansvarsartar for Noreg, og hvitryggspett er ein spesielt omsynskrevjande art.

Statsforvaltaren vurderer at det foreslåtte verneområdet har svært stor verneverdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med den nær trua naturtypen frisk rik edellauvskog med utforminga alm-lindeskog som er ein prioritert naturtype i vår region. Området dekker også manglar i skogvernet ved at det i hovudsak er lågareliggande (< 300 moh), har god bonitetsfordeling og ligg i sørboreal vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon. Foreslått verneområdet vil ha godt kjerneareal som famnar edellauvskog i dei nedre partia mot fjorden og gammal furuskog i øvre parti. Tilnærma heile området er vurdert med god naturskog-nærleik med mykje død ved. Område vil etablere eit svært godt økologisk nettverk med dei nærliggjande skogvernområda Honganvik, tvers over Saudafjorden, og Vikaneset litt lenger sør.

Kjelder: Skoganalyse, Temakart Rogaland – Natur, Naturbase, Artskart, Rådgivende Biologer AS.

Kulturhistoriske verdier

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAX-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Det er kartfesta ein husmannsplass på vernekartet (informasjon frå grunneigar).

Kjelde: Temakart Rogaland – Kulturminne.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det går ein traktorveg inn i området frå søraust og finst nokre areal med granplantefelt sentralt i sørleg del av foreslått verneområde. Plantefelt med gran er det ønskeleg å ta ut av verneområdet og restaurera tilbake til edellauvskog.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar.

Verneforslaget ligg tett på Saudafjella, eit kartlagt friluftslivsområde av typen stort turområde utan tilrettelegging med områdeverdi viktig. Friluftsområdet er avgrensa oppe på fjellet og går difor ikkje ned i lisa der foreslått verneområde ligg. Vidare ligg foreslått verneområde i vestleg del av eit nasjonalt viktig landskap «Heiområdet mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø» (Viktig landskap i Rogaland, Temakart Rogaland)

Kjelder: Temakart Rogaland - Geologi, NGU, NVE.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Sauda kommune avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (*LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden*) (Sauda kommune, Kommuneplan).

Mykje areal i verneforslaget er merka som aktsemdsområde for snøskred og steinsprang, og mindre areal nede ved fjorden som aktsemdsområde for jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan og Samfunnstryggleik.

10.1.1. Kommentar til verneforskrifta for Legdene naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som eit vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. Verneforslaget er for det meste ikkje del av noko kartlagt friluftslivsområde. Berre ein liten del av området i nordaust, går så vidt inn i Saudafjella friluftslivsområde med verdi *viktig*. Dette friluftslivsområdet dekker fjellområda kring Saudafjorden og har ikkje inkludert dalsidene og lisidene ned mot fjorden. Legdene naturreservat vil truleg ikkje vere gjenstand for særskild mykje friluftsliv, då det er svært bratt og har til dels ustabil terreng, i tillegg ligg det ikkje nært folkerike område og heller har ikkje tilrettelegging for friluftsliv i nærleiken. Det bratte og til dels ustabile terrenget skapar også ei større mengd døde småkvist. Statsforvaltaren vurderer difor at Legdene naturreservat toler eventuell frekvens av bålbrenning. Likevel bør alle vere merksam på at området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogområde, verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning utgjer ein risiko i skogen, og me ønsker at alle som ferdast der, tek omsyn til risikoen for villbrann i Legdene naturreservat.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Legdene naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 5 Regulering av ferdsel

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande traktorveg vist på vernekartet.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at traktorvegen i Legdene naturreservat toler eventuell frekvens av sykling, riding og bruk av hest.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- e. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og oppslag frå avverka plantefelt av gran, samt spreiding frå desse.*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut gran frå plantefelt og andre utanlandske treslag som er spreitt i naturreservatet.

10.2. Baklåsjuvet naturreservat (tidl. Andvika), Suldal kommune

Kommune: Suldal

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 374 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Suldal kommune, gnr./bnr. 103/371 og 173/2.

Lokalisering og avgrensing

Foreslått verneområde ligg på nordvestsida av Sandsfjorden ved Allmenningsteigen, frå Brattaberg i sør til Midvik i nord. Grensa følger sjøkonturen og strekk seg oppover i den austlege lia til fylkesvegen, men der denne går i tunnel, Almenningen, går området litt høgare opp til kote 300 moh på det høgaste, og fangar opp det bratte Baklåsjuvet. Grensa i sør går langs eigedomsgrensa, men eit mindre areal kring ei hytte oppe ved veggen, er grensa ut av foreslått verneområde. I nord ved Midvik, er grensa sett litt sør for elva og skråar så mot vest og opp til fylkesvegen rett sør for ei avkøyring der det går ein traktorveg nedover i lia.

Tilbudsområdet hette Andvika då det blei meldt inn, men då berre ein liten del av området er aktuelt å verna, treng det eit anna namn. I oppstartsmeldinga foreslo Statsforvaltaren Baklåsjuvet. Språkrådet hadde innspel til oppstartsmeldinga, og foreslo Allmenningen naturreservat. Statsforvaltaren ønsker å halda fast ved Baklåsjuvet. Likevel ønsker me lokale innspel til høyringa som kan vere med å gi området eit godt namn med lokal forankring.

Verneformål og verneinteresser

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av den trua naturtypen lågurtedellauvskog med innslag av store gamle edellauvtre og osp.

Eit stort tilbudsområdet blei kartlagt i juni og oktober 2021 (Skoganalyse Andvika). Det er likevel berre ein liten del i aust som er aktuelt å foreslå verna. Denne delen har fått ein skogvernindeks på 5,25 som er ein svært god verdi i Rogaland (Skoganalyse Andvika, verneforslag). Skåren for naturgitt mangfald er 1,75, og bygger på variasjon av kartleggingseiningar, mykje rik edellauvskog med dominans av eik og innslag av ask (EN), lind (NT) og hassel. Store delar av arealet inneheld den trua naturtypen lågurtedellauvskog som er vurdert til sårbar (VU). Furu finst spreidd i edellauvskogen ned mot fjorden, mens øvst i lia dominerer furuskog med innslag av bjørk. I Baklåsjuvet er det furuskog. I tillegg finst stor førekomst av osp i delar av området som gir gode fuglehabitat og er særskilt viktig for spettefuglar. Det er berre registrert 2 raudlisteartar, ask (EN) og barlind (VU) i Artskart, men lind (NT) er nemnd i skoganalyserapporten. I tillegg er ansvarsarten, kystsotmose, registrert. I den trua naturtypen lågurtedellauvskog er det likevel stort potensiale for førekomst av fleire trua og nær trua arter, kanskje særleg fleire soppar. Både skogkartlegginga og synfaringa til Statsforvaltaren, er gjennomført om våren når sopp som er ei særleg viktig artsgruppe for denne naturtypen, ikkje er mogleg å fanga opp.

Skåren for naturskognærleik på 1,5, er også bra og skuldast god førekomst av gamle store eiketre og osp, liggande død ved i varierende nedbrytingsstadium, frå lite til sterkt nedbrote materiale, samt ståande død ved. Tilnærma heile området inneheld skog etablert før 1940 og er ikkje flatehogd. I tillegg syner kartlaget naturskog at det er stort sannsyn for naturskog og naturskognærleik, noko som samsvarar med funna i kartlegginga og ved synfaring. Den eldste skogen er truleg i juvet som ber namnet Baklåsjuvet og lengst nord i området (Kjelde: Alder frå SAT-SKOG og MiS-registrering).

Statsforvaltaren vurderer at det foreslåtte verneområdet har stor verneverdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med den trua naturtypen lågurtedel-

lauvskog som er vurdert til sårbar (VU) og er ein prioritert naturtype i vår region. Slike skogar kan husa ei lang rekke raudlista artar. Området dekkjer også manglar i skogvernet ved at det er lågareliggande areal (< 300 moh) og har god bonitetsfordeling, samt at det ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon som gir eit oseanisk, fuktig og varmekjært klima med ein eksposisjon mot aust som kan gje ytterlegare potensiale for regnskogartar.

Dette skogvernområdet vil etablera eit godt økologisk nettverk med Øyna naturreservat, berre 1,5 km lenger sør i Sandsfjorden.

Kjelder: Skoganalyse, Temakart Rogaland, Artskart

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Kjelde: Temakart Rogaland - Kulturminner.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ikkje registrert særskilte interesser i området.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar og ingen kartlagde friluftsområde.

Kjelder: Temakart Rogaland, NGU, NVE.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Sauda kommune avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (*LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden*) (Suldal kommune, Kommuneplan 2023).

Mykje areal i verneforslaget er merka som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan og Samfunnstryggleik.

10.2.1. Kommentar til verneforskrifta for Baklåsjuvet naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som eit vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. Brenning av bål er forbode.*

Kommentar: Forbod mot bålbrekking er standard i skogvernområder. Statsforvaltaren ser ikkje at det finst særleg godt eigna stader å tena opp bål i det foreslåtte verneområdet Baklåsjuvet naturreservat. Området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogområde, verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrekking utgjer ein risiko i skogen, og Statsforvaltaren ønsker ikkje ta den risikoen i Baklåsjuvet naturreservat.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Baklåsjuvet naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreining av desse.*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut utanlandske treslag som er spreitt i naturreservatet.

10.3. Utviding av Rekedal naturreservat, Sokndal kommune

Kommune: Sokndal

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 402 daa totalt, utviding 149 daa

Eigedommar som inngår i eksisterande verneområde:

Sokndal kommune, gnr./bnr. 70/1, 70/2, 71/1, 71/2 og 71/3.

Eigedommar som inngår i utvidinga:

Sokndal kommune, gnr./bnr. 71/1, 71/3, og 72/1, 72/4, 72/5, 72/7, 72/8 og 72/10.

Eksisterande Rekedal naturreservat har allereie ei verneforskrift, men denne vil skrivast om og tilpassast ny mal for naturreservat. Føremålet er no òg skogvern av rik edellauvskog.

Lokalisering og avgrensing

Foreslått verneområde ligg rett sør for eksisterande Rekedal naturreservat. Det er ei fortsetting av edellauvskogen som allereie er verna. Mot aust er området avgrensa av eigedomsgrenser. I sør er det førekomst av plantefelt og open myrflate som gir ei naturleg avgrensing og sørleg del av grensa mot vest går langs elva som renn forbi Rekedal samt i ei eigedomsgrensa. Vidare nordover er grensa sett av grunneigaren på den teigen. Utvidinga vil føra til at verneområdet får ei meir heilskapleg og naturleg avgrensing av edellauvskogen i området.

Verneformål og verneinteresser

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av ulike utformingar av edellauvskogar som lågurtedellauvskog, frisk rik edellauvskog, stadvis med svartordominans og stadvis med eik, samt rik svartorsumpskog. Førekomstane av svartor-fastmarkskog utgjer viktige typeområde for slik skog på Sørvestlandet.

Tilbodsområdet blei kartlagt i september 2023 og fekk ein skogvernindeks på 3,67 som er ein relativt god verdi i Rogaland (Skoganalyse Rekedal utv.). Det er naturgitt mangfald med skåren 2, som trekk verdien opp, og skuldast blant anna at i store delar av området er det kartlagt kartleggingseiningar som gir raudlista naturtypar. Det er ein variasjon av raudlista naturtypar med frisk rik edellauvskog (NT), lågurtedellauvskog (VU) og rik svartorsumpskog eller kjelde-edellauvskog (begge VU). I tillegg nemnast rasmark-almeskog. Sett i saman med det eksisterande vernet gir det stor førekomst av rik svartorskog både på fastmark og på våtmark. Dette er skogtypar som ikkje er så vanlege, verken i vår region eller nasjonalt. Det finst ganske velutvikla og artsrike lungenever-samfunn på eik og alm, noko som indikerer fuktig mikroklima. Edellauvskogen har for ein stor del rik bakkevegetasjon og er dominert av eik, men inneheld betydelege førekomstar og stadvis dominans av svartor, hassel og alm (EN), og med innslag av lind (NT). Per januar 2026 er det registrert 8 trua og nær trua arter, fordelt på 19 observasjonar i tilbodsarealet. Av desse er det 7 nye arter som ikkje er funne i eksisterande naturreservat. Samla sett vil det, i eit utvida Rekedal naturreservat (per januar 2026), vere registrert 12 trua og nær trua arter, fordelt på 30 observasjonar. Tre av desse er sterkt trua (EN); kransporelav, trollpraktlav og alm, fire er sårbare (VU); tussepraktlav, rød stuvlav, kjøttkraterlav og villeple, og fem er nær trua (NT).

Når det gjeld naturskognærleik skårar tilbodsarealet nokså lågt, men det er likevel registrert gamal eikeskog med god mengde død ved, både liggande og ståande, samt noko innslag av store gamle edellauvtre.

Tilbudsarealet skårar relativt lågt på storleik, som utgjer 1/3 av skogvernindeksen. Sett i samanheng med det eksisterande naturreservatet, vil det likevel samla sett bli eit naturreservat på over 400 daa som famnar godt edellauvskogen i området.

Statsforvaltaren vurderer at tilbodsområdet har stor verneverdi og fyller godt manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er lågareliggande skog (<300 moh), i boreonemoral (varmekjær) vegetasjonssone på høg og særskild høg skogbonitet. Området har store areal av fleire sjeldne og sårbare skognaturtypar og husar fleire trua og nær trua artar som utgjer ei betydeleg auke i vern av sårbar natur. Saman med det eksisterande naturreservatet vil utvidinga bidra til eit stort verneområde med godt kjerneareal som famnar edellauvskogen i området med god arrondering frå vassdraget i vest til toppen av åsryggen i aust.

Rekedal naturreservat har godt økologisk nettverk med 4 andre naturreservat, Adnaråsen ca. 800 meter mot nord, Eikebakka og våtmarksområdet Årstad, hhv. 2,5 km og 1,8 km mot søraust og Nesvåg 3,5 km mot sørvest.

Kjelder: Skoganalyse, Temakart Rogaland, Artskart.

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Kjelde: Temakart Rogaland – Kulturminne.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ikkje registrert særskilte interesser i området.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar og ingen kartlagde friluftsområde.

Verneforslaget ligg i eit kartlagd friluftsområde av typen *stort turområde utan tilrettelegging* med områdeverdi svært viktig.

Kjelder: Temakart Rogaland, NGU, NVE.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Sokndal kommune avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (*LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden*) (Sokndal kommune, Kommuneplan).

Mykje areal i verneforslaget er merkt som aktsemdsområde for snøskred, medan mindre areal er merkt som aktsemdsområde for steinsprang og jord- og flaumskred. Areal langs elva er merkt som aktsemdsområde for flaum og kvikkleireskred.

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan og Samfunnstryggleik.

10.3.1. Kommentar til verneforskrifta for Rekedal naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som eit vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. Brenning av bål er forbode.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. I verneforskrifta § 3 a. står det at «*Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet.*». Området er verna fordi det inneheld verdifull skog, verdifulle tre og livsmiljø, samt sjeldne og sårbare artar. Både eksisterande verneområde og foreslått utviding ligg inne i eit kartlagt friluftsområde med verdi - *svært viktig* (FK00048724, Naturbase eller Temakart Rogaland – Friluftsliv). Statsforvaltaren vurderer at friluftslivsferdsel med bålbrenning kan utgjere ein påverknad ved at tørrkvist og brensel nyttast. Bålbrenning kan også utgjere ein risiko for villbrann, og den risikoen ønsker me ikkje i Rekedal naturreservat.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- e. skånsam beiting*

Kommentar: Rekedal naturreservat inneheld edellauvskog med mange artar edellauvtre der nokre er trua og nær trua, alm (EN), villeple (VU) og lind (NT). Hardt beite kan skade edellauvtrea og hindre oppvekst av nye, unge tre. Det er særleg dette siste som er ei bekymring i ein skog som nyttast aktivt til beite. Beitepresset må ikkje bli for høgt til at nye, unge lauvtre klarar å etablera seg. Statsforvaltaren vurderer den viktigaste grunnen for å ta med *skånsam* beiting, er at det i 2025 blei hogd ut eit større granplantefelt, kor ein mindre del stod inne i eksisterande naturreservat. På hogstflata inne i naturreservatet ønsker Statsforvaltaren å kunne regulere beitetrykket slik at skogområdet ikkje blir beitemark, men slik at det får veksa opp tre av dei same artane som finst elles i skogreservatet i dag, til dømes eik, alm, lind hassel og svartor.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Rekedal naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 5 Regulering av ferdsl

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsl:

- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande traktorveg vist på vernekartet.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at traktorvegen i Rekedal naturreservat toler eventuell frekvens av sykling, riding og bruk av hest.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

d. oppsetting og vedlikehald av gjerde

Kommentar: På hogstflata inne i naturreservatet ønsker Statsforvaltaren å kunne regulere beitetrykket slik at skogområdet ikkje blir beitemark, men slik at det får veksa opp tre av dei same artane som finst elles i skogreservatet i dag, til dømes eik, alm, lind hassel og svartor. Å kunne sette opp gjerde slik at dette området ikkje får like hardt beitetrykk som grunneigar ønsker på resten av hogstflata er helt naudsynt for å oppnå ønska effekt med oppvekst av tre og skogsplantar. For høgt beitetrykk vil gi dominans av grasartar og overgang til beitemark.

f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og oppslag frå avverka plantefelt av gran, samt spreidd frå desse.

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut gran som er spreidd i frå det avverka plantefeltet og eventuelle andre utanlandske treslag.

11. Referansar

Artsdatabanken: <https://www.artsdatabanken.no/>

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

Artsobservasjoner: <https://www.artsobservasjoner.no/>

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2.utgave 2006 (oppdatert 2007)
<https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/andre/verdisetting-av-biologisk-mangfold/>

DN13 faktaark. Maldal: Hekkanstjørn <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00045035>

DN13 faktaark. Maldalselva-Flesja <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00045038>

Eilertsen, L., Pötsch, C., Blanck, C.J., Bjelland, T., Ihlen, P.G., Vassvik, L. 2021. Naturfaglige registreringer av områder i skog tilbudt for frivillig vern i 2020. Agder, Møre og Romsdal, Rogaland, Troms og Finnmark og Vestland. Rådgivende Biologer AS. Rapportnr. 3397.
<https://www.radgivende-biologer.no/wp-content/uploads/2021/08/3397.pdf>

Frivillig vern av skog: <https://frivilligvern.no/>

Gaarder, G. Jordal, J.B., Fjellstad, H. & Johnsen, J.I. 2010. Supplerande kartlegging av naturtyper i Rogaland i 2009. Miljørapport nr. 3 - 2010.
https://www.jbjordal.no/publikasjoner/Rogaland2009_skjerm.pdf

Klima- og miljødepartementet, 2015. Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (§§41-43). Rundskriv nr. T-2/15.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-2-15-saksbehandlingsregler-ved-omradevern-etter-naturmangfoldloven/id2398923/>

Kulturminne via Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/>.

Landskogstakseringen, NIBIO: <https://www.nibio.no/om-nibio/vare-fagdivisjoner/divisjon-for-skog-og-utmark/landsskogtakseringen>

LOV-2009-06-19-100. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=naturmangfold>

Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>

Miljødirektoratet 2016. Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven. Veileder M-481 | 2016. <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2016/januar-2016/opprettelse-av-verneomrader-etter-naturmangfoldloven/>

Miljødirektoratet 2022b. Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet.
https://nedlasting.miljodirektoratet.no/nin_instrukser/Veileder-skogkartlegging_1_2022.pdf

NARIN (Biofokus):
<https://biofokus.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=7afe7db500754f7897fa2d237bd2409d>

Natur i Norge (NiN): <https://naturinorge.artsdatabanken.no/>

Naturbase: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

NGU, Norges Geologiske Undersøkelse: <https://www.ngu.no/geologiske-kart>

Norsk rødliste for arter 2021: <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/>

Norsk rødliste for naturtyper 2018: <https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

NVE, Norges vassdrags- og energidirektorat, temakart mynta på skogvern:

<https://temakart.nve.no/tema/skogvern>

Skoganalyse Andvika 2022. <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/EC81850B-52FF-4DFB-A36D-1A8E01DF63B2>

Skoganalyse Andvika, verneforslag 2022.

<https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/CC1361DE-617C-4E14-B54B-74F1333A5089>

Skoganalyse Rekedal utv. 2024. <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/04C8C00D-4D3F-422B-A4C1-3F296B0400EF>

Skoganalyse Vetrhus 2023. <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/692C24B4-7B77-4BB7-8A1B-FC6B724BED41>

Skoganalyse Vetrhus-Molla 2023. <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/C531BCD4-F289-4205-AEAE-67F7D73CD686>

St.meld. nr. 14 (2015-2016) Natur for livet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/?ch=1>

St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/40da6fc97eba49af90479ae32ee27ccc/no/pdfs/stm200220030025000dddpdfs.pdf>

Statsforvalteren i Rogaland >Miljø og klima >Verneområde:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/Verneomrade/>

Statsforvalteren i Rogaland: <https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/>

Svensson, A., Eriksen, R., Hysten, G. og Granhus, A. 2023. Arealrepresentativ overvåking av skogvernområder gjennom Landsskogtakseringen. Landsskogtakseringen 2017-2021. NIBIO RAPPORT VOL. 9 NR. 13, 2023. <https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/3063717>

Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/>

12. Vedlegg

Vedlegga finst på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under > Miljø og klima, > Verneområde (<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/Verneomrade/>).

- Høyringsbrev
- Adresseliste
- Kart og forskrift for Legdene naturreservat, i Sauda kommune
- Kart og forskrift for Baklåsjuvet naturreservat, i Suldal kommune
- Kart og forskrift for Rekedal naturreservat, i Sokndal kommune
- Naturfaglege rapporter for alle verneforslaga

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb. 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

